

# Møteprotokoll

**Utval:** **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**  
**Møtestad:** Brævasshytta, Fjærland  
**Dato:** 04.09.2019  
**Tidspunkt:** 16:00 – 18:30

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sven Flo	Nestleiar	Stryn kommune
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Sogn og Fjordane FK
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand kommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster kommune
Marius Dalin	Medlem	Førde kommune
Jarle Aarvoll	Medlem	Sogndal kommune

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune
Venke Kollbotn	Medlem	Gloppe kommune

---

## Merknadar

Nestleiar Sven Flo leia møtet i styreleiar sitt fråvær.

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar
Tor Arne Hauge	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_\_Sven Flo\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_Einar Målsnes\_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 21/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 22/19	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 23/19	Orienterings- og drøftingssaker <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Statens naturoppsyn orienterer frå sommaren</li> <li>2. Politiske besøk, brekryssing og tur til Tungestølen</li> <li>3. Drøfting om drift av styret fram til nytt styre er konstituert</li> <li>4. Framdrift på tiltak så langt, og mindre endringar i budsjettfordelinga</li> <li>5. Kulturminne og ulike tiltak i Fosdalen</li> </ul>		
RS 25/19	Søknad - Jostedalsbreen nasjonalpark - elveførebygging i Fåbergstølsbrelvi - Statkraft		2019/13791
RS 26/19	Skåla Opp 2019 rapport frå Loen Active		2019/16679
RS 27/19	Utkast søknad nasjonal turiststi - dialog med forvaltninga		2019/16700
RS 28/19	Tema til bacheloroppgave - villvarding og droneflyging		2019/16176
RS 29/19	Referat frå dialogmøte om Bøyabreen as		2019/6338
RS 30/19	Ikkje søknadspliktig - droneflyging i Haugadalen - TV2		2019/14783
RS 31/19	Rapport - Jostedalsbreen nasjonalpark - uttak av steinprøver for geologisk forskning - Høgskulen på Vestlandet - ref 2018/2643 FMSF		2019/15566
DS 3/19	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterlandig ved innhenting av vassprøvar til nasjonal innsjøundersøking - NIVA		2019/11904
ST 24/19	Jostedalsbreen NP - Dispensasjon - Merking av stiar og trimpostar - Oppstryn Idrettslag		2019/10980
ST 25/19	Revidert framdriftsplan besøksstrategi		2019/3131

Eventuelt

## **ST 21/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.09.2019**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknader til innkalling. Framlegg til å endre dagsorden slik at vedtakssakene vart teke fyrst.

#### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

## **ST 22/19 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.09.2019**

#### **Handsaming i møte**

Sven Flo føreslo Einar Målsnes til å skrive under protokollen i lag med nestleiar.

#### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

## **ST 23/19 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.09.2019**

#### **Handsaming i møte**

Styret drøfta sakane og tok dei til vitande.

Offisiell opning av drifteveg i Sunndalen vart utsett til våren. Det vart bestemt å gjennomføre eit styremøte til før jul i Stryn. Rådgivande utval sitt årlege møte vert halde i forlenging av styremøte.

Sekretariatet har spelt inn område med framande treslag i og rundt nasjonalparken til nasjonalt prosjekt for fjerning av framande trelag i verneområde.

**RS 25/19 Søknad - Jostedalsbreen nasjonalpark - elveførebygging i Fåbergstølsbreelvi - Statkraft**

**RS 26/19 Skåla Opp 2019 rapport frå Loen Active**

**RS 27/19 Utkast søknad nasjonal turiststi - dialog med forvaltninga**

**RS 28/19 Tema til bacheloroppgave - villvarding og droneflyging**

**RS 29/19 Referat frå dialogmøte om Bøyabreen as**

**RS 30/19 Ikkje søknadspliktig - droneflyging i Haugadalen - TV2**

**RS 31/19 Rapport - Jostedalsbreen nasjonalpark - uttak av steinprøver for geologisk forskning - Høgskulen på Vestlandet - ref 2018/2643 FMSF**

**DS 3/19 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterlandning ved innhenting av vassprøvar til nasjonal innsjøundersøking – NIVA**

**ST 24/19 Jostedalsbreen NP - Dispensasjon - Merking av stiar og trimpostar - Oppstryn Idrettslag**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.09.2019**

### **Handsaming i styret**

Marius Dalin spelte inn at det ved løyve til oppsetting av trimpostar i og nær villreinområde bør vurderast ei tidsavgrensing av omsyn til villrein. Kopi av vedtak må sendast til nasjonalparkforvaltninga i Breheimen som orientering.

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga

### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3. gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre Oppstryn IL løyve til å setje opp skilt for å markere følgjande trimpostar i nasjonalparken: Fossen i Erdalen, Erdalsbreen, Kamperhamrane i Sunndalen og Tverrelvskaret i Sunndalen.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Skilt skal ikkje boltast fast i fjell eller festast til kulturminne.
- Oppstryn IL har ansvar for å fjerne skilt dersom trimpostar ikkje lenger vert nytta.
- Nasjonalparkstyret ønskjer å få tilgang til besøkstal rundt Jostedalsbreen. Vi ber difor om at talet på registrerte besøk på trimpostane innanfor nasjonalparken vert rapportert til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre innan 31.12 kvart år.
- Nasjonalparkstyret kan be om at skilt vert fjerna dersom ein finn at tiltaket går utover verneføremålet.

Oppsetting av skilt må avklarast med grunneigarar før oppsetting.

## **ST 25/19 Revidert framdriftsplan besøksstrategi**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.09.2019**

#### **Handsaming i møte**

Nasjonalparkforvaltarane orienterte om status for arbeidet så langt og presenterte ei kartskisse der førebels forslag til innfallsportar til nasjonalparken var vist, med ulike fargekodar for innfallsportar med ulik tilrettelegging; utsiktspunkt (raud), informasjonspunkt (grøn) og startpunkt (blå). Punkt som er omtala i førearbeida til besøksstrategi og ny forvaltningsplan, men som av ulike årsaker ikkje er føreslått prioritert som innfallsport, var merka med svart i kartet. Målet med kartframstillinga var å illustrere ulike problemstillinger og val som må gjerast i besøksstrategien, og å få innspel på endringar.

Oddmund Klakegg føreslo eit nytt utsiktspunkt ved E39 nær Helgheim kyrkje. Dette vil gje svært god utsikt inn Kjøsnesfjorden mot Jostedalsbreen nasjonalpark. Styret var elles opptekne av at anlegga som vert etablert skal driftast skikkeleg og at samarbeid med andre aktørar er viktig for å sikre god drift. Styret understreka at ein god høyringsrunde vil vere viktig for å sikre god medverknad og kvalitetssikring av planen.

#### **Eventuelt**

Styret drøfta problemet med mykje lågtflyging med helikopter i rundt nasjonalparken i samband med turistflyging. Problemets verkar å vere stort fleire stader, særleg i Lodalen, Oldedalen og på Skei. Styret var uroa over utviklinga og mangelen på respekt for vernereglane. Styret ynskjer at handhevinga av vernereglane vert styrka.